



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT

Statsråden

Statsforvaltaren i Vestland
Statens hus, Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/930-122

16. mai 2022

Utgreiing om deling av Kinn kommune

Eg viser til brev frå Statsforvaltaren i Vestland 8. mars 2022 med oversending av kommunestyresak frå Kinn 003/22 *ei eventuell kommunedeling, presisering av vedtak*. Kinn kommunestyre vedtok 10. februar 2022 å søke om utgreiing av deling av Kinn kommune etter inndelingslova § 8 andre ledd. I oversendinga til departementet gav statsforvaltaren ei tilråding om at Kommunal- og distriktsdepartementet avgjer at det etter inndelingslova skal setjast i gang ei utgreiing av initiativet til Kinn kommunestyre etter vedtaket i sak 003/22. Det er departementet som avgjer om ei utgreiing skal gjerast på bakgrunn av eit initiativ om deling, jf. inndelingslova § 9 første ledd.

På bakgrunn av vedtaket i Kinn kommune ber departementet Statsforvaltaren i Vestland om å greie ut konsekvensane av ei deling av Kinn kommune, etter kommunegrensa til dei tidlegare kommunane Flora og Vågsøy. Området Bryggja i tidlegare Vågsøy kommune, som frå 1. januar 2020 blei grensejustert til Stad kommune, er ikkje del av dette oppdraget. I oversendinga til departementet skal statsforvaltaren gi ei tilråding.

Statsforvaltaren skal gjere ferdig og sende til kommunen eit kunnskapsgrunnlag om konsekvensar av ei deling av Kinn kommune seinast 5. august 2022. Statsforvaltaren skal ha dialog med kommunen om handsaminga av saka. Eg har i dag sendt brev til Kinn kommune og orientert kommunen om når statsforvaltaren sitt kunnskapsgrunnlag skal vere klart. Eg har vidare orientert kommunen om kva for tidsløp som vil gjelde, dersom ei eventuell deling skal kunne bli vedtatt i tide til at dei to nye kommunane kan tre i kraft frå 1. januar 2024. Ein slik tidsplan vil innebere at kommunestyret i Kinn kommune må handsame saka om deling seinast 1. september 2022. Dersom kommunestyret ønskjer meir tid til å handsame saka, vil det ikkje vere mogleg å gjennomføre ei eventuell deling frå 1.1.2024.

Viss kommunestyret treffer vedtak seinast 1. september om at dei ønskjer ei deling, må statsforvaltaren sende ei fullstendig utgreiing med statsforvaltaren si tilråding til departementet seinast 5. september 2022.

I tillegg til at departementet må ha utgreiinga i hende seinast 5. september 2022, er det nokre føresetnader for å rekke at ei eventuell deling kan tre i kraft frå 1. januar 2024. For det første er det ein føresetnad at Kinn kommune blir delt etter kommunegrensa til dei tidlegare kommunane Flora og Vågsøy. For det andre må kommunestyret treffe vedtak om namn på dei nye kommunane samtidig som dei tek stilling til delinga. Desse føresetnadene er naudsynte for å få tid til dei tekniske førebuingane fram mot valet hausten 2023.

Eg har orientert Kinn kommune om at dersom kommunen vedtar at ein ønskjer deling slik at dei nye kommunane kan tre i kraft frå 1. januar 2024, vil Kinn kommune få svært kort tid til å gjennomføre delinga. Dette inneber mellom anna lite tid til politiske og administrative førebuingar knytt til opprettinga av nye einingar.

Eg gjer merksam på at det ikkje er avklart kva for økonomiske rammer som vil gjelde ved eventuell deling av frivillig samanslåtte kommunar.

Om arbeidet med kunnskapsgrunnlaget og utgreiinga

Kunnskapsgrunnlaget skal gi opplysningar om relevante høve som folketal, areal, geografi, kommunikasjon, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet.

Kunnskapsgrunnlaget skal også omtale kva konsekvensar ei deling kan få for samfunnsutvikling, tenester til innbyggjarane (medrekna at nye kommunar kan ivareta lovpålagte oppgåver), utøving av mynde, kommunal styring og lokaldemokratiet i dei nye kommunane. Det bør gå fram kva konsekvensar ei deling kan få for dei to nye kommunane i eit langsiktig perspektiv, medrekna økonomiske føresetnader for å vere ein egen kommune. Vi viser til inndelingslova § 1 om at endringar i kommune- og fylkesinndelinga bør medverke til å skape føremålstenlege einingar som kan gi innbyggjarane og næringslivet tilfredsstillande tenester og forvaltning. Kunnskapsgrunnlaget bør òg klargjere kva konsekvensar ei deling vil kunne ha for omkringliggjande kommunar, til dømes når det gjeld interkommunale samarbeid.

Kommunale og andre offentlege etatar skal, på statsforvaltaren si oppmoding, gi naudsynte opplysningar og i rimeleg utstrekning medverke ved saksførebuinga, jf. inndelingslova § 9 tredje ledd.

Kommunestyret i Kinn kommune skal få uttale seg i saka, jf. inndelingslova § 9 fjerde ledd og eige brev til Kinn kommune. Kommunen vurderer sjølv om den vil innhente synspunkt frå innbyggjarane på forslaget om deling, og kva høyringsmetode som eventuelt skal nyttast, jf. inndelingslova § 10. Utgangspunktet i lova er at innbyggjarane bør høyrast. Statsforvaltaren bør ha dialog med kommunen om tidsløpet for ei eventuell folkeavstemning.

Det må òg leggjast til rette for at Kartverket får uttale seg om saka, før den blir sendt til departementet.

Utgreiinga frå statsforvaltaren skal innehalde kunnskapsgrunnlaget, kommunestyret si uttale om saka, Kartverket si uttale om saka og statsforvaltaren si tilråding. Dersom statsforvaltaren tilrår ei deling, skal eit klart og eintydig forslag til nye kommunegrenser leggjast fram for departementet. Departementet legg til grunn at Statsforvaltaren i Vestland kan dekke utgiftene til utgreiinga innanfor eiga skjønnsramme, jf. inndelingslova § 11.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik

Kopi

Bremanger kommune
Kartverket
Kinn kommune